

MØTEINNKALLING/-REFERAT NR. 6

Møte: NTNUI-langrenn

Dato: 12.09.17

Tid: 20.30

Møtested: Moholt

Møteleder: Frida Øygard

Innkalt: Ingvild Bratlie, Andreas Faanes, Erlend Sverdrup, Ole Hulbak, Gudmund Høglund, Anna Jensen, Vilde Rieker, Elise Bryn, Jørund Vala, Frida Øygard

Ikke møtt: alle tilstades <3

Sak:	Sakstittel/ -innhold
0	<p>Kake: blåblærmuffins</p> <p>"God".</p> <p>"Varm"</p> <p>"Burde blitt tatt ut og satt til avkjøling tidlegare"</p> <p>"Sikkert god røre, men vanskeleg å kjenne når tunga får brannskade"</p>
1	<p>Evaluering bli-kjent-trening og fest (v/ Anna)</p> <p>TRENING:</p> <ul style="list-style-type: none">- Bra oppmøte. Alltid vanskeleg å seie kor mange som kjem eller ikkje. Maxitaxi var bestilt i bakhand, dette var lurt og anbefalast til neste gang, framfor buss.- Treneransvaret burde ha blitt betre avklart på førehand. På bli-kjent-treninga leggest ansvaret til hovudtrenar og ledar.- Pizza var god stemning <p>FEST:</p> <ul style="list-style-type: none">- Bra oppmøte. Omtrent full score.- Kan med fordel organisere drikkeleikar, t.d. kl 21. Då bør tidspunkt annonserast på førehand, så folk kjem i tide. Kanskje dele inn i grupper?

2	<p>Evaluering Swecosprinten (v/ Jørund, Frida)</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Bør planlegge ting tidlegare. Dobbelsjekke at alt er på plass. (Dette blir skrive i erfaringskrivet for Swecosprinten)</i>- <i>Til neste år kan ein prøve å få campus Gløshaugen, då det ser ut som det vil vere mogleg å arrangere der, trass vegarbeid. Vere litt tøffare mot adgangskontrollen ;)</i>
3	<p>Oppdatering utanlandstur (v/ Jørund, Frida)</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Har booka sportsreiser med SAS nedover. 24 stk frå Oslo, og 6 stk frå Trondheim.</i>- <i>Påmeldingsfrist til sjølve renna må påminnast, slik at folk får billegaste pris</i>- <i>Einaste som manglar er å booke leigebil</i>
4	<p>Medlemsregistrering (v/ Frida)</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Alle medlemmar må registrerast i KlubbAdmin. Sender medlemsbevis på mail, og vert deretter lagt inn i databasen. Oppdatert Excel-fil med alle medlemmane leggst ut på drive.</i>- <i>Jørund sender ut infomail om bytte av klubb. Purrer samtidig på alle må sende inn medlemsbevis.</i>- <i>Vervet skal ligge under nestleder framover. Frida oppdaterer styret når registreringa har blitt gjort, og gir info til Jørund om korleis registrering skal gjerast</i>
5	<p>Paraidrettkontakt (v/ Frida)</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Verv for å legge tilrette for evt. funksjonshemma medlemmar i langrennsgruppa. Personen skal også møte på evt. møter med HS, og vere kontaktpersonen for dei som ønskjer ekstra tilrettelegging.</i>- <i>Vervet skal ligge under sos.kom framover.</i>- <i>Frida sender info til Anna, og til HS</i>
6	<p>Meråkersamling (v/ Ingvild)</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Alt er ferdig organisert. Info kjem på mail.</i>- <i>Sosialt? (v/ Anna)</i> Droppar kakebaking. <i>Prøvar nytt opplegg i år. Kakebaking kan heller leggst til Brukssamlinga.</i>

	<ul style="list-style-type: none"> - Forfallsdato på betaling? <i>Fredag 15. sept. før samlinga. Ingvild opplyser om dette på mail.</i> <p>Bruks (v/Ingvild)</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Alt er booka. Dobbel (trippel) sjekkar dette.</i>
7	<p>Oppdatering på HS (v/ Frida)</p> <ul style="list-style-type: none"> - <u>Møte om klessituasjon</u> <i>Frida var i møte med HS-kontakt Martine. HS ønsker at langrennsgruppa tek tak i klessituasjonen på i-bygget. Framstår sure fordi langrennsgruppa har neglisjert dette i fleire år, og truar med å trekke gruppa i støtte. På møtet vart det utarbeida eit forslag om at langrennsgruppa ser an ressursane sine etter Marka Rundt har blitt arrangert, og kan kjøpe opp klede då. Det er foreslått å skulle kjøpe klede for ein fast sum på kr 10 000 per år, og at dette kan aukast dersom Marka Rundt går bra med overskot. Frå langrennsgruppa si side er dette eit greit alternativ, då ein med litt ombudsjettering fint klarar å spare inn 10 000 kr – og at det uansett er mykje betre enn å bli trekt i støtte – noko som verkeleg vil gå utover langrennsgruppa sin aktivitet.</i> - <u>HSK-møte onsdag 13. september.</u> Frida tar dette. - <u>Generalforsamling tirs 19. september.</u> Frida reiser - <u>Gruppeledersamling 23-24 september.</u> Erlend og Elise meldte kanskje interesse.
8	<p>Klesbestilling (v/ Vilde)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ny heildress eller ikkje: <i>bestille ny modell av heildress</i> - Todelt dress: <i>Bestille inn gammal type todelt dress</i> - <i>Ny revurdering på klessituasjon i november, evt. januar</i> - <i>Bestille den gamle gode shortsene frå noname. Vilde tek beslutning på situasjon om strykermerker.</i>
9	<p>Sette/revidere datoar framover (v/ alle)</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Stakefesten: Anna har sendt mail med moglege datoar. Hytta kjem tilbake med mail i oktober, då dei skal sette planen for heile 2018 då.</i> - <i>Heimesamling: 13. – 15. Oktober. Semje om å ha sosialt opplegg, framfor å oppmode om overnatting på hytta, då det erfaringsmessig er svært få som vel å overnatte på hytta.</i>

10	<p>Treningsplanar/innhald (v/ Elise)</p> <ul style="list-style-type: none">- Forslag om testuke a la rogruppa i veke 39. Dragvolltestløp, Bjørndalen staketest og KM rulleski lørdag. Noko sosialt på lørdag.- Forslag om sosialt: KM ostesmørbrød, drink night (konkurransse om å mikse best drink)- I oktober: Bjørndalen. (Huske å informere om dette ved første Bjørndalstest, at det blir re-test)- Jentetrening på rulleski
11	<p>Sponsorkontakt (v/ Ole)</p> <ul style="list-style-type: none">- Skal fornye kontrakt i oktober.- Sweco har ti mailar dei kan sende ut på e-postlista i langrennsgruppa. Lurer på kva innhald dei kan ha? Forslag om studentrelevante ting; bedpres i Trondheim, sommarjobbar, CV-tips etc.- Strykemerker: skal bestillast
12	<p>Eventuelt</p> <p>Gråkallen opp: Gudmund og Jørund skal ha møte denne veka. Premiering?</p> <p>Neste styremøte: Frida postar i gruppa.</p>